



*Lover for Vestland KrF*

2024

**Innholdsfortegnelse**

- s. paragraf  
 3 § 1 Formål  
 3 § 2 Tillitsverv  
 3 § 3 Organisasjon  
 3 § 4 Fylkesårsmøtet  
 4 § 5 Fylkesstyret  
 5 § 6 Fylkesrådsmøtet  
 5 § 7 Nominasjonsmøte for fylkestings- og stortingsval § 8 Lover for fylkeslaga  
 5 § 9 Lover for lokallaga  
 5 § 10 Medlemskap  
 7 § 11 Kjønnsvotering ved val med meir  
 7 § 12 Lovendring

Lover for Vestland Kristeleg Folkeparti vedtekne på stiftingsmøte søndag 10. mars 2019 i Førde, slik dei lyder etter seinare end - ringar, seinast ved fylkesårsmøte den 13. mars 2021. Det vart ikkje lovendringar i 2022 eller i 2023.

**§ 1 FORMÅL**

Vestland Kristeleg Folkeparti (KrF) sitt formål er å fremje ein kristendemokratisk politikk bygd på det kristne menneskesynet, nestekjær - leiken og forvaltaransvaret. KrF sitt verdigrunn - lag er henta frå Bibelen, den kristne kulturane - ven og grunnleggjande menneskerettar.

**§ 2 TILLITSVERV**

Alle tillitsvalde og folkevalde for KrF er forplikta på og skal arbeide for partiet sitt kristne verdigrunnlag slik det er definert i § 1.

**§ 3 ORGANISASJON**

Vestland fylkeslag er tilslutta Kristeleg Folkeparti sin hovudorganisasjon (KrF). Fylkeslaget er samansett av lokallaga og sideorganisasjonane Kristeleg Folkepartis Ungdom (KrFU) og KrF Kvinner.

**§ 4 FYLKESÅRSMØTET**

Årsmøtet er fylkeslaget sitt øvste organ og vert vanlegvis avvikla innan 1. april kvart år. Innkallinga skal vere skriftleg og skal sendast ut minst ein månad i førevegen. Desse har stemmerett på årsmøtet:

1. fylkesstyret
2. fylkestingsgruppa sine medlemar
3. 7 utsendingar valde av KrFU
4. 5 utsendingar valde av KrFK-utvalet
5. utsendingar med fullmakt frå lokallaga
6. ordførarane i fylket
7. byrådane i fylket
8. partiet sine stortingsrepresentantar frå fylket

Desse kan ta del i årsmøtet med tale- og forslagsrett:

1. fylkessekretær
2. statsrådar frå fylkespartiet
3. statssekretærar frå fylkespartiet
4. 1 representant frå fylkespartiet sitt seniorutval

KrF-medlemmar i Vestland fylke har tilgang til årsmøtet utan tale- og forslagsrett.

Kvart lokallag har rett til å sende to utsendingar for inntil 50 medlemmar. Vidare kan dei sende ein utsending til for kvar 50 medlemmar som er begynt på utover det. Alle representantar må ha vore medlem i meir enn ein månad før møtedato, jamfr. § 10–2.

Fylkesårsmøtet vedtek sjølv forretningsordenen. Det kan i særskilde høve gje talerett til KrF-medlemmar som ikkje er ein del av fylkesårs - møtet.

Fylkesårsmøtet gjer vedtak med allminneleg fleirtal av dei frammette utsendingane som har fullmakt, med unntak av lovendringsvedtak, som krev 2/3 fleirtal, jf. § 13. Årsmøtet vel dirigentar, sekretærar, telje - korps og to årsmøtedelegatar til å skrive under protokollen.

Det ordinære årsmøtet skal:

1. godkjenne årsmelding, rekneskap og budsjett
2. få framlagt årsmelding frå fylkestingsgruppa, KrFU, KrF Kvinner og senior - utvalet til orientering
3. vedta fylkesprogram før fylkestingsval
4. gjennomføre val
5. vedta nominasjonsreglement (kvart mellomvalår)

Eventuelle lovendringsforslag og andre saker som er fremja for fylkesstyret seinast 60 dagar før fylkesårsmøtet, skal behandlast av årsmøtet.

Årsmøtet skal velje:

1. fylkesleiar, som veljast i mellomvalår for 2 år
2. 1. nestleiar, politisk nestleiar, som veljast i valår for 2 år
3. 2. nestleiar, organisatorisk nestleiar, som veljast i mellomvalår for to år
4. 2 direktevalde representantar. Ein av dei direktevalde skal veljast i mellomvalår, medan den andre skal veljast i valår
5. 3 varamedlemmer for dei som er vald under punkt 1–4
6. kvinnepolitisk leiar for 2 år
7. kvinnepolitisk nestleiar for 1 år
8. valkomite til å førebu val til neste fylkesårsmøte: Komiteen består av 7 medlemmar,

- inkludert ein representant frå KrFU og ein representant frå KrF Kvinner. Det skal òg veljast 3 varamedlemar.  
Sideorganisasjonane vel sjølve sine representantar.
1. nominasjonskomite i mellomvalår: Komiteen består av 7 medlemar, inkludert ein representant frå KrFU og ein representant frå KrF Kvinner. Det skal òg veljast 3 varamedlemar. Sideorganisasjonane vel sjølve sine representantar.
  2. programkomite året før fylkestingsval: Komiteen består av 7 medlemar, inkludert ein representant frå KrFU og ein representant frå KrF Kvinner. Det skal òg veljast 3 varamedlemar.  
Sideorganisasjonane vel sjølve sine representantar
  3. utsendingar til KrF sitt landsmøte
  4. 2 revisorar med 1 vara

Fylkesårsmøtet kan vedta at saker utanom lovendring skal behandlast vidare i eit rådsmøte, jf. § 7.

Det kan kallast inn til ekstraordinært fylkesårsmøte når fylkesstyret finn det nødvendig eller når minst 1/3 av lokallaga krev det. Innkallinga vert gjennomført som for ordinært fylkesårsmøte og har same status og myndigkeit.

#### § 5 FYLKESSTYRET

A) Fylkesstyret er sett saman av:

1. fylkesleiar. Vald for 2 år. Samanhengande funksjonstid inntil 6 år
- 2.1. nestleiar – politisk nestleiar. Vald for 2 år. Samanhengande funksjonstid inntil 6 år
- 3.2. nestleiar – organisatorisk nestleiar vald for 2 år. Samanhengande funksjonstid inntil seks år
- 4.2 direktevalde representantar
5. kvinnekjønnspolitiske leiar
6. fylkesleiar i KrFU
7. gruppeleiar i fylkestinget
8. leiar i Bergen KrF

Fylkesstyret sine valde varamedlemer vert kalla inn ved forfall under A.1–4. Første vara til fylkesstyret blir kalla inn til fylkesstyremøte med tale- og forslagsrett. Dersom fylkesleiaren eller ein av nestleiarane fråtrer innanfor perioden, konstituerer fylkesstyret den som står

nærast til vervet fram til ordinært fylkesårsmøte. Nestleiar i kvinneutvalet er vararepresentant for kvinnekjønnspolitiske leiar. Fylkestingsgruppa, KrFU og Bergen KrF vel sjølve sine vararepresentantar under A.6–8. Fylkessekretæren, fylkespartiet sine stortingsrepresentantar, fylkespartiet sine sentralstyremedlemar, regjeringsmedlemar, fylkespartiet sin fylkesordførar og fylkesvaraordførar har observatørstatus med tale- og forslagsrett i fylkesstyret.

B) Fylkesstyret er ansvarleg overfor fylkesårsmøtet og leiar arbeidet i fylkespartiet mellom årsmøta til nytt styre vert vald. Dette skjer etter dei fullmaktene fylkesårsmøtet vedtek og etter dei retningslinjene som er bestemt av landsstyret i KrF. Fylkesstyret set ned ad hoc-utval eller faste underutval etter behov. Fylkesstyret skal mellom anna:

1. førebu, gjennomføre og følge opp vedtaka frå fylkesårsmøtet
2. ta initiativ til konstituerande møte og etablering av gode samarbeidsrutiner for fylkestingsgruppa og gi råd og innspel underveis
3. bidra til politisk debatt gjennom m.a. politiske utspel, utgjeiring av politiske spørsmål og gjennomføring av politiske konferansar
4. halde god kontakt med lokallaga og deira representantar i kommunestyret og arbeide for aktive lag i alle kommunar
5. gi folkevalde og tillitsvalde på kommune- og fylkesplan tilbod om opplæring og rådgjeving, i samarbeid med KrF sitt skuleringsarbeid
6. bidra til å ajourføre eitt medlemsregister som er felles for alle ledd i partiet
7. avsetje lønnsmidlar til faglege og administrative ressursar
8. syrgje for rekneskapsføring og økonomistyring. Dersom dei offentlege tilskota ikkje er tilstrekkeleg for drifta, må lokallaga yte tilskot
9. rekna ut tilskotet frå kvart lag med grunnlag i talet på medlemar og stemmer ved siste val
10. organisere planlegging, gjennomføring og evaluering av fylkeslaget sin valkamp
11. behandle saker som er oversendt frå sentralstyret

1. yte stønad til KrFU og KrF Kvinner sitt arbeid i fylket
2. ta ansvar for programarbeidet i fylket
3. oppnemne utval for KrF kvinner med minst fire utvalsmedlemar
4. oppnemne seniorutval, med leiar og minst fire utvalsmedlemar, og vedta statuttar som definerer arbeidsfeltet og arbeidsområdet deira

C) Fylkesstyret har møte så ofte som vedteken møteplan tilseier, eller så ofte som leiaren finn det naudsynt, eller når minst fem medlemar ønsker det. Fylkesstyret sine vedtak vert sett i verk av fylkesleiar i samarbeid med nestleiarane og fylkessekretær. Fylkesstyret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane er til stades. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme.

Fylkesstyret utnemner ein, som saman med fylkessekretær, ivaretok kontakten med KrF sitt skuleringsarbeid. Fylkesstyret avgjer i stor grad også øvrige fylkesstyremedlemer deltek i iverksetjinga av ulike vedtak i fylkesstyret.

Fylkesstyret utnemner dei utvala som dei meiner er naudsynte for arbeidet. Fylkesstyret sitt arbeidsutval består av: leiar, fyrste nestleiar og andre nestleiar. Fylkessekretæren fungerer som sekretær for arbeidsutvalet. Fylkesstyret gjev instruksar om kva slags saker arbeidsutvalet skal handsame. Arbeidsutvalet sine vedtak skal leggjast fram for fylkesstyret.

#### § 6 FYLKESRÅDSMØTET

Kvar haust, og elles når fylkesstyret vedtek det, vert det kalla inn til rådsmøte.

Fylkesråds-møtet er rådgjevande organ for fylkesstyret og fylkestingsgruppa i organisasjonsmessige og politiske spørsmål og handsamar dei sakene fylkesstyret legg fram. Fylkesråds-møtet kan gjere bindande vedtak i saker som fylkesårsmøtet har sendt over til avsluttande handsaming.

Fylkesråds-møtet gjer vedtak med allment fleirtal. Minst halvparten av utsendingane må vere til stades for at vedtak skal vere bindande.

- Desse har stemmerett på rådsmøtet:
1. fylkesstyre i Vestland KrF
  2. representantar frå fylkesstyre i KrFU
  3. representantar frå utvalet til KrF Kvinner i fylket
  4. fylkestingsgruppa, inkludert ein vararepresentant
  5. lokallagsleiarar eller andre frå lokallagsstyret
  6. gruppeleiar eller andre frå kommunestyregruppa i kvar kommune
  7. stortingsrepresentantar frå fylket
  8. byrådar
  9. ordførarar og varaordførarar

Rådet vel møteleiar og referantar.

Desse kan ta del i rådsmøtet med tale- og forslagsrett:

1. fylkessekretær
2. statsrådar frå fylkespartiet
3. statssekretærar frå fylkespartiet
4. ein representant frå fylkespartiet sitt seniorutval

#### § 7 NOMINASJONSMØTE FOR FYLKESTINGS- OG STORTINGSVAL

Nominasjon til fylkestings- og stortingsval vert gjennomført etter vedteke nominasjonsreglement. Reglementet skal innehalde talet på høyringar og kven som skal høyrist. Følgjande instansar skal alltid vere med i høyringane: alle KrF sine lokallag, KrFU sitt fylkeslag og KrF Kvinners fylkeslag/utval (Jf. Landspartiets lover § 8). Reglementet vert vedteke på fylkesårsmøtet i mellomvalår.

Fylkesstyret kallar inn til nominasjonsmøtet og set møtet. Forslag til fylkestingsliste/stortingsvalliste vert lagt fram av nominasjonskomiteen, som består av 7 personar oppnemnde av årsmøtet, inkludert ein representant frå KrFU og ein frå KrF Kvinner. KrFU og KrF Kvinner vel sjølve sine medlemar til nominasjonskomiteen.

Endeleg listeforslag vert sett oppi samsvar med "Lov om val til storting, fylkesting og kommunestyre (vallova) av 2002", med seinare endringar, og sendest til valstyret innan 31. mars i valåret, underteikna av to styremedlemer.

For stemmerett på nominasjonsmøte, sjå § 10-3, 3. avsnitt.

**§ 8 LOVER FOR FYLKESLAGA**  
 Sentralstyret utarbeider normallover for fylkeslaga. Fylkeslaga vedtek sjølv sine lover og eventuelle lovendringar. Desse lovene er ikkje gyldige før dei er godkjent av sentralstyret. §§ 1, 2, 8, 10 og 11 i lover for Kristeleg Folkeparti skal gjelde for alle fylkeslag, og desse paragrafane kan ikkje fråvikast. Det skal vidare kome fram i fylkeslaga sine lover at KrF sine lokallag og KrF Kvinner/styret og KrFU sitt fylkesstyre er høyringsinstans for fylkeslaga sine nominasjonskomitear.

#### § 9 LOVER FOR LOKALLAGA

Sentralstyret utarbeider normallover for lokallaga. Lokallaga vedtek sjølv sine lover og eventuelle lovendringar. Desse lovene er ikkje gyldige før dei er godkjende av fylkesstyret. §§ 1, 2, 9–11 i lover for Kristeleg Folkeparti skal under eit kvart tilhøve gjelde for alle lokallag, og desse paragrafane kan ikkje fråvikast.

#### § 10 MEDLEMSKAP

##### § 10-1 Teikning av medlemskap

Partiet er ope for medlemskap for alle, som:

- 1.er einig i partiet sitt formål og grunnsyn
- 2.er fylt 13 år
- 3.ikkje er medlem av andre parti eller deira ungdomsorganisasjonar

Om eit medlem ynskjer det, kan det vere organisert gjennom KrFU. Desse medlemene betaler berre ein kontingent og har dei same rettigheter og plikter som andre KrF-medlemer.

##### § 10-2 Medlemskapet si gyldigheit

Medlemskapet er gyldig inntil vedkomande melder seg ut, og medlemkontingent er betalt.

Om eit medlem ikkje har betalt kontingent eller har svart på førespurnadar om dette innan utgongen av året, vil dette reknast som passiv utmeling og medlemskapet vil ikkje bli fornya inn i nytt år. Dette gjeld ikkje for nyinnmeldte som er innmeldt etter hovudforfall.

Om eit medlem melder seg ut og bed om å få medlemsinformasjon sletta snarast, skal dette imøtekomast.

##### § 10-3 Medlemsrettar

Fulle rettar som medlem har den som har betalt medlemkontingent. Til tillitsverv i partiet kan berre veljast medlemer.

For å kunne få tale- og forslagsrett, røyste og vere valbar på årsmøter og andre møter som har myndigkeit til å velje utsendingar, må forfallen kontingent vere betalt. Ein må i tillegg ha vore medlem i ein månad for å kunne røyste.

For å kunne få tale- og forslagsrett og røyste på partiet sine nominasjonsmøter, må forfallen kontingent vere betalt. Ein må i tillegg fylle minst 18 år i valåret, og ha vore medlem i 3 månadar.

Medlemer med medlemskap i eit lokallag i ein kommune dei ikkje er busett i har alle rettar og er valbare til partiets organ og møter, men kan ikkje delta i nominasjonsprosessen. Ved alle røystingar kan tre eller fleire med røysterett krevje skriftleg røysting.

##### § 10-4 Organisering av medlemskapet

Eit medlem er normalt medlem av lokallaget i den kommune/bydel vedkomande bur i.

Om det ikkje er lokallag på heimstaden til medlemen, kan medlemen organiserast direkte under fylkeslaget. I spesielle situasjonar kan medlemen søke om å få organisere sitt medlemskap direkte under landspartiet. KrFU sine medlemer skal alltid stå som medlem i sideorganisasjonen sitt lokal- eller fylkeslag i same fylke som KrF-medlemskapet er registrert.

Studentar kan organisere sitt medlemskap i heimkommunen der dei er folkeregistrerte, eller på studiestaden. Partiet forheld seg til den adressa studenten oppgjev. Studentar som har gyldig medlemskap utanom heimstadskomμmunen kan ikkje nominerast eller veljast som utsendingar til nominasjonsmøtet, (Jfr valgloven § 21) og dei har i lokallagssamanheng ikkje røysterett i nominasjonsspørsmål. Medlemen kan likevel nominerast til plass på vallista i folkeregistrert kommune/fylke.

Svalbard KrF organiserast som eige lokallag direkte under landspartiet.

**§ 10-5 Eksklusjon** Eksklusjon frå partiet vert avgjort av sentralstyret med 2/3 fleirtal. Eit medlem kan ekskluderast av KrF dersom han eller ho:

- 1.er medlem av eit anna politisk parti
- 2.er tillitsvald, folkevald eller arbeider for eit anna politisk parti
- 3.har framsett hatfulle ytringar eller trugslar
- 4.er dømd for seksuelle overgrep eller annan grov kriminalitet. Både partiet sine sentrale organ og lokal- og fylkeslag har rett til å føreslå medlemer i sitt lag ekskludert. Nærare prosedyre om eksklusjon vert vedteke av landsstyret.

##### § 10-6 Medlemkontingent

Landsstyret for KrF fattar vedtak om medlemkontingent i KrF og landsstyret for KrFU fattar vedtak om medlemkontingent i KrFU.

Landsstyret har fullmakt til å ta nærmere avgjersler for kontingentsatsar, registrering av partimedlemskap og så vidare. Lovendringar som angår KrFU trer i kraft når det føreligg tilslutning angåande kontingentsats frå deira organ.

KrF sentralt krev inn kontingensten. Kontingensten blir deretter fordelt mellom lokallag, fylkeslag, og KrF sentralt, etter ein fordelingsnøkkel vedteke av landsstyret.

Landskontoret belastar kvart lokallag for kostnadane ved produksjon og utsending av kontingentkrav.

KrFU krev sjølv inn sin medlemkontingent og fordeler desse midla gjennom eigen organisasjon.

##### § 10-7 Åresmedlemer

Åresmedlemer kan utnemnast av landspartiet ved sentralstyret, av fylkeslaga ved fylkesstyra og av lokallaga ved lokallagsstyra. Det generelle kriteriet for utnemning av åresmedlemer er: Den personen det gjeld skal ha gjort ein

ekstraordinær innsats for partiet på gjeldande nivå. Sjå Handbok for tillitsvalde, kapittel 10.3. Åresmedlem betaler ikkje sjølv kontingent til KrF. Kontingenten for desse medlemene skal dekkast av det organ som har utnemnt åresmedlemen.

##### § 11 KJØNNSKVOTERING VED VAL MED MEIR

I politiske og organisasjonsmessige verv skal det sikrast mest mogleg lik representasjon av kvinner og menn.

Stemmetillegg og alle val/utnemningar til partiet sine politiske og organisasjonsmessige organ med fleire enn tre medlemar skal, så langt det er praktisk mogleg, gjennomførast slik at resultatet gjev minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn.

##### § 12 LOVENDRING

Dette lovene kan, med unntak av §§ 1, 2, 8, 10, og 11, endrast av fylkesårsmøtet når minst 2/3 av årsmøtet sine medlemar stemmer for eit forslag som er fremja av dei organa og innan den fristen som er fastsett i § 5. Lover og lovendringar må godkjennast av sentralstyret før dei trer i kraft.